



Dagens vitsar

- Det er fælt å sjå korleis dei unge jentene kler seg i dag. Ho der ser då akkurat ut som ein gut!
 - Ja, det er son min.
 - Åh, orsak, eg visste ikkje at du var far hans!
 - Nei, eg er mor hans!
- Eg forstår ikkje kvifor eg skal vera nøydd til å læra engelsk!
 - Tenk deg no om, snart halve verda snakkar engelsk.
 - Ja, er ikkje det nok?



LEIKER HELLER PÅ SKULEN: Sunneva Tuxen Riise (10) og Jenny Larsdotter Astrup Sjøtun (10) ynskjer seg mindre bos og fleire apparat på leikeklassen i Haugamoen.



VETLEFLATEN: Huskestativ utan husker.



SKULESTADVEGEN: Basketkorga har sett betre dagar.



ULLESTADVEGEN: Humpedissa forsvinn i grase

Ute-ukulele på Mo



- Sersjant, desse støvlane er for små.
- Får du eit par sokkar nedi?
- Ja.
- Får du to par sokkar nedi?
- Ja..
- Kva skal du då med større støvlar?
- Eg skulle gjerne hatt føtene nedi også!

Ute på trappa på Mo skule sit 15 unge ukulelespelarar og freistar treffa rett grep. - Det vart så fela bråk innandørs, fortel læraren deira, som drog med seg elevane ut i det fri i staden.



FOTO: INGERID JORDAL

Tips, teikningar, historier og forslag til tema kan du senda til:
Hordaland,
postboks 38, 5701
Voss eller på e-post til
badnateigen@
avisa-hordaland.no

Dei tomme leikeplassane

- Det er nesten aldri nokon på leikeplassen lenger, seier **Synneva** (10) og **Jenny** (10). Mange av leikeplassane på Voss er tomme eller attgrodde. Kven har ansvaret for å fiksa dei?

- Det er ikkje så mykje å finna på her på denne leikeplassen. Derfor er me ikkje her så veldig ofte, seier Eirik Dale (9).

Han står på leikeplassen i Haugamoen i lag med klassekameratane Trygg Hollingsworth (8) og Benedikte Norevik (9). Det eine huskestativet er utan husker, men Trygg klarar å leika likevel. Han klatrar opp i toppen, og heng med hovudet ned.

- Det var meir born her før, men no trur eg kanskje folk går meir på besøk til kvarandre, seier Benedikte.

DEI TRE HAR NETT fått flunkande ny leikeplass borte på Vangen skule, og no går dei heller dit for å leika. Leikeplassen i nærområdet vert mellom anna brukt til jonsokfeiring for nabolaget, men elles er det ikkje så mykje å finna på.

- Det er så lite apparat her. Og det veks høgt gras. Det er litt trist at det ikkje vert teke ordentleg vare på leikeplassen, seier Benedikte.

For ikkje så lenge sidan hadde nabolaget dugnad på leikeplassen. Dei rydda opp, måla leikebåten og sklia, og gjorde det fint.

- Men no er det ganske rotete att, seier Trygg.

FEMTEKLASSELEVANE Synneva Tuxen Riise (10), Jenny Larsdotter Astrup Sjøtun (10) og Maria Bøe Kharazmi (10) kjem innom. Dei er heller ikkje nøgde med korleis leikeplassen i Haugamoen ser ut.

- Katten min brukar sandkassa som do, seier Jenny og fniser.

Jentene er mest opprørte over søppelet på leikeplassen.

- Eg veit at det er nokre ungdommar som er her på kveldane. Det burde vore hengt opp

skilt der det står at ein ikkje skal kasta bos, seier Synneva.

- Ja, det er ikkje noko kjekt her når det er rotete, seier Maria.

ETTER EIN TUR RUNDT i bygda, finn me fleire leikeplassar som er i dårleg stand. Nokre er til og med heilt attgrodde. Nils Helge Kvamme i Voss kommune fortel at det er grendelaga som har ansvaret for å halda leikeplassane i stand.

- Kwart år kan grendelaga søkja om pengar frå kommunen til å rusta opp leikeplassane. Elles er me avhengig av at folk i nabolaga gjer ting på dugnad, som å klippa gras, seier han.

Han fortel at kommunen prioriterer dei leikeplassane der leikeapparata kan vera farlege.

- Det er veldig viktig å ta vare på leikeplassane, for det er ein god møteplass i nærmiljøet, seier han.


GRENDELAGET I HAUGAMOEN søkte om pengar til leikeplassen førre mai. Det fortel Helge Tenol-Tuxen som er leiar.

- Me ville fiksa på gjerdet, for det er heilt på skeiva og ser ikkje bra ut. Men me fekk ikkje nok til å gjera dette. Eg tykkjer at kommunen kunne gjeve meir pengar slik at me kunne fått eit meir levande miljø på leikeplassen, seier han.

På grunn av mangelen på leikeapparat, brukar borna i Haugamoen leikeplassen mest til å leika tikken. Om Trygg kunne ynskja seg kva han ville, er han ikkje i tvil.


- Karusell og trampoline!

SARA FINNE | tekst
INGERID JORDAL | foto
sf@avisa-hordaland.no



Bulle (2) braut seg ut av buret i 6000 meters høgde

VOSS: Tidlegare denne veka skulle den rampete hunden Bulle (2) ta flyet frå Tromsø til Bergen, for å vitja Voss saman med eigaren sin. Bulle hadde aldri teke fly før, og dessutan hatar han å vera i bur. Fyrste fly gjekk frå Tromsø til Bodø, og Bulle vart plassert i lasterommet i botnen av flyet i buret sitt. Etter at dei landa fekk dei som jobbar på flyplassen ei skikkeleg overrasking. Bulle var ikkje i buret lenger, men sprang laus i lasterommet! Etter at dei fekk fanga han var det klart for neste flytur, frå Bodø til Bergen. - No skal han ikkje koma laus, tenkte flyplassarbeidarane, og festa masse stroppar kring buret som dei festa godt. Til inga nytte. I Bergen var Bulle nok ein gong laus i lasterommet - han hadde togge seg gjennom både stroppar og plast! - Eg forstår ikkje korleis han klarar det, fortel eigaren til Bulle som trur hunden sin fyrste flytur også vart den siste. - Han er ein skikkeleg rampehund!



KVA KAN DU GJERA MED DIN LEIKEPLASS?

- Om du har ein leikeplass i nabolaget ditt som ikkje ser bra ut, må du få med deg naboane eller grendelaget og rydda opp på dugnad.
- Grendelaget i ditt nabolag kan òg søkja om pengar frå kommunen til å kjøpa nye ting til leikeplassen. Dette kan ein søkja om kvart år, i mai.
- Fleire leikeplassar står til nedfalls, ofte fordi det ikkje er så mange born i nabolaget lenger. Om du har ein slik attgrodd leikeplass i nærleiken, kan du òg seia i frå til kommunen.



SEIMSFELTET: Attgrodd klatrestativ.